

Myklebust fekk positivt signal

21.01.2010



Torfinn Myklebust - her saman med Knut Prestnes - fekk positivt signal i formannskapet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torfinn Myklebust (IP) fekk eit svært positivt signal tilbake frå rådmannen - representert ved verksemdeigar Tormod Fosssheim - då han i formannskapet i dag tok opp situasjonen for Rabben og Øyro.

Han bad mellom anna om at byggjeforbodet vert oppheva straks og at det blir høyrt meir på grunneigarane med omsyn til reguleringsplanarbeidet.



Tormod Fossheim varsla at kommunen vil stå på sitt i Rabben-saka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Plansaker går ofte seint og denne saka har gått utruleg seint av ulike grunnar, truleg både på grunn av det offentlege og grunneigarane, sa Myklebust i formannskapet.

Han kunne ikkje forså kvifor det vart innført byggjeforbod for Rabben. Han viste til avtala som tidlegare ordførar Bjarne Berge fekk i hamn om ein viss flytting av hyttene i elvosen, noko som vart gjennomført. Men sidan har administrasjonen i kommunen likevel kome med eit forslag om flytting av hyttene deler av året.

Myklebust ville veta kven som har innført byggjeforbodet og med kva for ein heimel. Dessuten har det no vorte uthola med grønt lys for tretelt. Og kommunen kan vel ikkje leggja kloakk i området så lengje forbodet står ved lag?

- Men det viktigaste er å få fart i reguleringsplanen snarast, understreka Myklebust. Han bad også om at festekontrakta ved båtlaget blir ordna.

Ordførar Synnøve Solbakken understreka at Myklebust hadde stilt omfattande spørsmål om ei stor og viktig sak og overlet ordet til rådmannen som igjen sendte saka vidare til Tormod Fossheim. Han peika på at byggjeforbodet er heimla i plan- og bygningslova og vart innført for å få partane med på reguleringsplanen. Men

han presiserte at forbodet kan opphevast og at det tildels allereie er gjort ved at det no er opna for byggjing av trefelt.

- Fylkesmannen er hovudaktør for at det ikkje er skjedd noko i denne saka, sa Fossheim. Han vil fjerna hyttene på tangen ved elva og dei står no der på nåde så lenge arbeidet med reguleringsplanen pågår. Men kommunen har tenkt å leggja hyttene inn i planen der dei faktisk ligg. Det er no ingen lokal motstand mot dette og til no har kommunen vore heller mjuk, understreka verksemdsleiaren. Fossheim hadde lova partane å få saka opp på sitt bord før januar er ute.

Torfinn Myklebust svara at han no hadde fått positive signal og sa at Steinar Myklebust heilt sidan 2005 har hatt planer som han ikkje har fått realisert. Han vona at byggjeforbodssaka kan koma opp i forvaltningskomiteen til veka slik at Rabben kan planleggja sesongen. Reguleringsplanarbeidet bør så gå parallelt.

Av Ola Matti Mathisen